



Trio Bygg Bergen AS
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3360 - 14/15353

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
09.10.2014

Godkjenning - Løyve til oppføring av frittstående garasje og utebod - Gbnr 25/111 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Bente Skråmestø
Ansvarleg søkjar: Trio Bygg Bergen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til søknad journalført 9.7.2014 om løyve til oppføring av frittstående garasje og frittstående sportsbod med storleik på høvesvis 49,6 m² og 34 m² BYA på gbnr 25/111 i Meland kommune.

Dispensasjonsløyve og løyve til oppføring av einebustad på eigedomen er handsama i eige vedtak dagsett 27.8.2014, arkivsakid 14/3185.

Planstatus og søknad om dispensasjon frå gjeldande plan:

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål (landbruk-, natur- og friluft).

Dispensasjon for oppføring av garasje vart gjeve ved vedtak av 27.8.2014, arkivsakid/3185.

Nabovarsel:

Søknaden vart nabovarsla 24.6.2014. Alle naboar har samtykka i tiltaket.

VURDERING:

Plassering, avstand til nabogrenser, utforming og utsjånad :

I situasjonsplan vedlagt søknaden kjem det fram at sportsboden på 34 m² BYA skal ligge 1.8 meter frå nabogrense mot gbnr 25/144. Plasseringa vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd (b).

Av same situasjonsplan kjem det fram at garasjen på 49,6 m² BYA skal ligge 3,5 meter frå eigedomsgrense mot gbnr 25/13. Plasseringa vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd (b). I telefonsamtale med ansvarleg søkjar Raymond Handeland 9.10.2014, vart det klargjort at opplysning på snitt- og fasadeteikningar om at garasjen vert på 52 m² er feil, og at dei korrekte måla skal vere 6,2 x 8,0 meter.

Garasje og sportsbod skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart og profildeikning stempla godkjend 9.10.2014 og utformast i samsvar med vedlagte plan- og fasadeteikningar stempla godkjend same dato.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar Plan- og bygningsloven sine krav til utforming, funksjon, utsjånad i §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket er vidare vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgdde og avstand frå naboeigedommar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 og dei rammar som elles er sett for tiltaket i KPA.

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar godkjent i løyve til oppføring av einebustaden omfatter garasje og sportsbod.

VEDTAK:

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av frittstående garasje og frittstående sportsbod på gbnr 25/111, jf søknad motteke 9.7.2014. Plasseringa av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjend 9.10.2014 og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50 cm.

For utforming av tiltaket elles vert vist til vurderinga over og vedlagte plan- og fasadeteikningar stempla godkjend 9.10.2014.

Ansvarsrettar vert godkjent i samsvar med søknad, jf vedtak av 27.8.2014.

Plassering av bygg på tomta skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utformast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar/kart

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Kopi til:

Bente Skråmestø

Fosse 143

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Trio Bygg Bergen AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG